

SKUP 2002 – 33

Prosjekt: Mulla Krekar
Medarbeider: Dag Hellesund
Publikasjon: Bergensavisen
Publisert: Oktober 01 – august 02
Medium: Avis
Tema:

1. Navn på journalist(ene) som har gjort jobben.

Dag Hellesund

2. Tittel på arbeidet, prosjektet.

Mulla Krekar

3. Hvor og når det er publisert.

Bergensavisen 31.10.2001, 3.11.2001, 27.8.2002

4. Redaksjon og redaksjonsadresse, samt tlf.nr.

Bergensavisen
Boks 824 Sentrum
5807 BERGEN
55 23 50 00

5. Journalistens (eller kontaktpersons) adresse og telefonnummer.

Dag Hellesund
Bergensavisen
Boks 824 Sentrum
5807 BERGEN
55 23 51 65

6. Redegjørelse for arbeidet;

a) Når og hvordan kom arbeidet i gang, hva var ideen som startet det hele?

Ein kveld i oktober 2001 fekk eg høyre ei merkeleg historie av ein ven eg trefte ein nattetime i Bergen: Ein irakisk kurdar med norsk pass har sidan byrjinga av 90-talet hatt tilhald i Oslo, der familien hans og bur. Men i lange periodar har han vore tilbake igjen i heimlandet, der han lei ar ei væpna geriljagruppe basert på ei fundamentalistisk tolking av koranen. Mannen, som blir omtalt som mulla Krekar, har i intervju med lokale aviser uttrykt sterke sympatiar for Osama bin Laden.

Denne historia fann eg alt for god til å la vere å gjere noko med, trass i at bergensarar verken hadde hovud- eller biroller, og eg starta å jobbe med saka innimellom piggdekkforureining og sjukeheimar.

b) Hva var den sentrale problemstilling ved starten av prosjektet?

Det første, store spørsmålet kort tid etter terroråtaka i USA 11. september blei å undersøkje kva forhold mannen som kalte seg mulla Krekar hadde til bin Laden, og kva for verksemd han eigentleg dreiv med i Nord-Irak.

c) Ble problemstillingen endret underveis? I så fall, hvorfor og hvordan?

Etter kvart som eg fann ut meir om saka, blei mulla Krekars verksemd i Noreg stadig meir interessant. Han har saman med broren drive ein moské i Oslo, og ein organisasjon som hevdar å hjelpe kurdarar.

Ei anna problemstilling eg prøvde å undersøkje, utan å finne noko svar, er kva Krekar med familie har levd av mens dei har vore i Noreg, og han delvis har hatt opphald i Nord-Irak. Dersom mannen har mottatt offentlege midler til livsopphald mens han har drive geriljagruppe i Nord-Irak, tener det til å skape rasisme blant nordmenn.

d) Kort beskrivelse av organiseringen av arbeidet, metodebruk, kildebruk, problem underveis mv. (vi krever ikke at du røper eventuelle kilder som er lovet kildevern!)

Eg kom raskt i kontakt med ei kjelde som hadde god kjennskap til Nord-Irak og mulla Krekars verksemd. Kjelda hadde òg god kontakt med kurdiske styresmakter. Av omsyn til tryggleiken til kjelda kan namnet på kjelda ikkje offentleggjerast.

Nettsidene til Krekar blei og gjennomgått, og deler av desse blei omsett til norsk. Allereie på dette tidspunktet var interessante bilete frå nettstaden fjerna, mellom anna bilete av Krekar saman med andre muslimske leiarar.

Dei mange kurdiske nettstadene inneheld ein del informasjon om Krekar på engelsk. Men ettersom dei ofte er klart politisk forankra er det vanskeleg å bruke dette materialet. Krekars gruppe er rekna som ein samfunnsfiende saman med Saddam Hussein i Nord-Irak.

Boka "Islam på norsk" av Kari Vogt blei og brukt som kjelde, ho har nemleg intervjuet Krekar anonymt som ein del av sitt prosjekt for å kartlegge islam i Noreg. I boka fortel Krekar mellom anna om eit fly han skaut ned.

Andre kjelder blei og kontakta, både kurdiske og norske. Felles for dei var at jo tettare band dei hadde til Nord-Irak, dess reddare var dei for å stå fram. Kurdarar som jamleg drog tilbake til heimlandet, ville konsekvent ikkje vere opne kjelder.

Eg prøvde og å få tak i mulla Krekar sjølv, som på denne tida i følge kurdiske kjelder var i Nord-Irak eller rett over grensa til Iran. Det viste seg å vere vanskeleg, men eg fekk intervjuet bror hans, som bur i Oslo.

Dei viktigaste problema i denne saka har vore å vurdere dei svært politiserte kjeldene som kurdiske medier er, samt behovet for å bruke anonyme kjelder av tryggingssyn.

7. Hvor mye arbeidstid og eventuell fritid er brukt på prosjektet?

Saka tok rundt ei veke reint arbeid, fordelt utover eit lengre tidsrom. Andre saker blei tatt innimellom.

8. Spesielle erfaringer du vil nevne.

Mange journalistar har jobba med mulla Krekar-saka, og eg har berre gjort ein liten del. Difor er det berre så vidt eg tør å sende inn mitt vesle "prosjekt" til juryen. Men eg ville berre poengtere at vi var mange saman om denne saka.

Eg var heller ikkje aller først. Det var det Gro Holm som var. Eit par dagar etter at eg hadde fått vite om saka av mine kjelder, blei deler av saka omtalt på NRK1. Eg meiner likevel at mitt bidrag har vore viktig, og at saka i seg sjølv er viktig for samfunnsdebatten i Noreg.

At saka først tok skikkeleg av etter at VG omtalte ein påstått link til al Quaeida kan ha samanheng med at klimaet for slike saker etter mitt syn blei radikalt endra etter debatten om dei to flykaprarane. Erna Solberg har og visst å markere seg på slike saker.

Artiklar som koplur mulla Krekar med terrorisme har kanskje ikkje alltid scora høgt på skalaen for kjeldekritikk, men til gjengjeld har dei gjort at sakene eg gjorde på han for litt over eit år sia har kome til sin rett.

9. Sted og dato, samt din underskrift.

Dag Hellesund
Bergen, 20. januar 2003